



ROVVILTNEMNDA I REGION 3

Oppland

Klima- og miljødepartementet
Landbruks- og matdepartementet
Mattilsynet

Deres ref

Vår ref

Arkivnr

Dato 19. oktober 2020

Møte om jerve- og beitesituasjonen i Reinheimen - Skjåk, Lesja og Rauma kommuner

Vi vil med dette be om eit møte for å drøfte dei utfordringane vi har med forvaltning av jerv i Reinheimen i områda som ligg i Skjåk, Lesja og Rauma kommunar.

Det har over fleire år vore for store tap i dette store fjellområdet og det er vanskeleg å både dokumentere ynglingar av jerv og tap av sau og det er krevjande å ta ut jerv på grunn av eit stort og alpint geografisk område.

Rovviltnemndene i region 3 og 6 hadde felles møte den 20. august 2020 på Bjarli i Lesja der vi hadde dialog med kommunane og beitenæringa om dei utfordringane dei har og har hatt over fleire år.

Rovviltnemndene i region 3 har, i samråd med region 5 og 6, bede om ekstraordinære uttak i dette området på grunn av desse utfordringane. Dersom vi ikkje får gjennomslag for dette nå er vi redd at store deler av beitenæringa kjem til å gje opp og slutte med sau. Dette er ikkje ynskjeleg verken for kommunane eller for rovviltnemndene. Vårt mål er å forvalte etter den todelte målsettinga, men i dette området må vi få hjelp for å nå det målet.

Rovviltnemndene og kommunane ynskjer å drøfte ulike tiltak for ei betre forvaltning og på kva måte vi kan sikre den todelte målsettinga og halde bestanden nede på bestandsmålet.

Vi ber derfor om eit møte innan utgangen av 2020, slik at vi kan gjere tiltak før lisensfellinga for jerv er slutt i februar 2021.

Med helsing

Aud Hove – leiar i rovviltnemnda region 3, Oppland

Kari Anita Furunes – leiar i rovviltnemnda region 6, Trøndelag og Møre- og Romsdal

Edel Kveen – ordførar i Skjåk

Mariann Stokke – ordførar i Lesja

Yvonne Wold – ordførar i Rauma

Postadresse:

Rovviltnemnda i region 3
c/o Fylkesmannen i Oppland
Serviceboks
2626 LILLEHAMMER

Leder for rovviltnemnda:

navn
telefon
e-post
Adressen til Rovviltnemndas hjemmeside

Saksbehandler:

navn
telefon

Vedlegg:
Tapssituasjon Skjåk
Tapssituasjon Lesja
Tapssituasjon Rauma